



Skarsvåg Rør og Interiør AS  
Merete Skarsvåg  
Melandsvegen 15  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3121 - 19/34433

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
22.11.2019

## Svar på søknad om utslepp av oljehaldig avløpsvatn - Gbnr 137/772 Alver

**Tiltak:** Oljeutskiljar  
**Byggestad:** Gbnr 137/772  
**Tiltakshavar:** Nortrans Veg og Anlegg AS  
**Ansvarleg søkjar:** Skarsvåg Rør og Interiør AS

Lindås kommune viser til søknad, datert 15.11.2019, om løyve til å knytte oljeutskiljar med størrelse NS30 til kommunalt avløpsnett.

Saksutgreiing:

### Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å knytte oljeutskiljar med størrelse NS30 på kommunalt avløpsnett. Følgjande utstyr er teke med i berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg:

- 2 stk vaskeplasser a 50m<sup>2</sup> utvendig
- 3 stk høgtrykkspyler
- 4 stk Tappekran/spylekran DN20

Ut i frå utstyr som er nemnt vil nominell størrelse (ikkje avrunda) være NS15,49. Nortrans Veg og Anlegg AS ønskjer å intallere eit anlegg med nominell størrelse NS30 for eventuell framtidig utviding av aktivitet. Ved framtidig utviding skal anlegg opp til ny vurdering for å sikre at anlegg har god nok kapasitet til å handtere utvidinga.

### Vurdering/drøfting:

Nortrans Veg og Anlegg har valt å gå opp i størrelse på anlegg for å ta høgde for framtidig utviding av aktivitet. Anlegget sin dimensjon gjer at anlegg har god lagringskapasitet for olje, samstundes som at oljehaldig avløpsvatn har lang opphaldstid i anlegg slik at meir olje kan skiljast ut.

### Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift finn det forsvarleg å gje løyve til å knytte oljeutskiljar med nominell størrelse NS30 til kommunalt avløpsnett. Løyve vert gitt på følgjande vilkår:



- **Tømmefrekvens:** Anlegg skal tømmast minimum 1 gong per år og elles når det måtte være nødvendig. Olje som vert halde tilbake i anlegg vert rekna som farleg avfall og skal leverast til godkjent mottak.
- **Tømmeavtale:** Det skal, til ein kvar tid, ligge føre tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør. Kommunen skal ha kopi av avtalen. Avtale skal leverast inn saman med ferdigmeldinga.
- **Analyseprøve:** Det skal tas minimum 1 representativ prøve av avløpsvatn før tømning av anlegg. Prøve skal takast frå prøvetakingskum/kontrollkum. Prøve skal analyserast av godkjent laboratorium.
- **Ferdigmelding:** Det skal sendast inn ferdigmeldning for godkjenning før anlegg vert teke i bruk. Ferdigmelding skal innehalde «as built» teikningar og situasjonskart som viser tilknytingspunkt til kommunalt avløpsnett. Prosjektteikningar kan leggest ved, men erstatter ikkje situasjonsplan med innmålingsdata på VA kart.
- **Årsrapport:** Det skal for kvart driftsår sendast inn årsrapport for anlegg til kommunen. Årsrapport skal innehalde tømmerrapporter, analyseprøve av utsleppsvatn og driftsjournal. Rapporten skal være kommunen i hende seinast 1 februar påfølgjande år.
- **Driftsjournal:** For anlegg skal det førast driftsjournal. I driftsjournal skal tømmeoperatør føre inn når anlegg er tømt, mende fett i anlegg (0-15% av våt volum), legge ved tømmerrapport og føre inn når anlegg er kontrollert/reingjort.
- **Kontroll/reingjering** Anlegg skal reingjerast og kontrollerast minimum 1 gong per år. Kontroll og reingjering kan utførast i samband med tømning av anlegg.
- **Bruk av vaskemidlar:** Bruk av vaskemidlar fører til at olje vert vanskeleg å skilje ut i anlegg. Berre godkjente vaskemidlar som er godkjent for oljeutskiljar skal nyttast. Anleggseigar må gå i dialog med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken av kjemikalier. Ein del kjemikalier reduserer anlegget sin reinseeffekt.
- **Internkontroll:** Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn av anlegg for å unngå driftsproblem. Anleggseigar skal sørge for at anna avfall ikkje vert ført til anlegg. Verksemden skal ha ei kontaktperson som følgjer opp anlegg mot kommunen.
- Løyve vert gitt ut i frå innsendt berekningsgrunnlag.

*Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» at Teknisk drift sett krav til utskiljar-anlegg som skal knyttast på kommunalt avløpsnett. Føremål med krav er å sikre at oljehaldig avløpsvatn ikkje vert ført ut på avløpsnett og påfører dette og reinseanlegg skader.*

#### **Klage:**

Enkeltvedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» følgjer privatrettslege reglar. Kommunen nyttar sin private råderett over vass- og avløpsnett. Enkeltvedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» anses ikkje som utøving av offentlig mynde og har difor ingen formell klageadgang.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Nortrans Veg og Anlegg AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Skarsvåg Rør og Interiør AS

Melandsvegen 15 5919

FREKHAUG